

## **Årsmøte/årsmelding i CH-29 den 24 januar 2017 kl 1930 hjå Kari og Alf Angelskår på Totland, Lindås.**

**Til stades:** Alf Angelskår (styreleiar), Kåre Bjørnevoll (arb.gruppa), Sigurd Eknes (arb. Gruppa), Vidar Lehmann (styret), Tormod Lindås ( styret), Hans O. Rød ( styret), Vidar Fløysand (arb.gruppa, tilkomen i 2016).

Reise/fråvær: Atle Veland (arb.gruppa, verkstadeigar) og Øystein Midtgård (arb. gruppa).

Møte- og framdriftsplan går fram av vedlegg 1, rekneskap av vedlegg 2 og oppsummering av dugnadsarbeidet i 2016 i vedlegg 3. Avgjerder nemnde nedafor var samrøystes.

### **Kommentarar:**

Etter servering av eit betre måltid (takk for det!) gjekk ein gjennom rekneskapen. For 2016 har ein sett det som fullnøyande med styreutarbeidd rekneskap. Innkjøp er i alt vesentleg føretakne av styremedlemene og refunderte via nettbank frå prosjektkontoen v/ Vidar Lehmann, alle etter framlagde bilag. I året har det kome inn tilskot på til saman kr 154.200,- (sjå vedl. 2). Styret takkar.

Kontantutgiftene summerer seg til kr 38.130.98. I tillegg har ein hatt gratis tilgang på verkstadplass, apparatur, verktøy og straum. Prosjektet skuldar Atle Veland stor takk både for dette og for viktige leveransar. I tillegg er ein takksam for å ha fått sponsra materiell frå Dekkshuset, Eknes Karosseri og Øystein Midtgaard.

Kor mykje summen av desse gratis støttetiltaka har betydd i reie pengar let seg ikkje nøyaktig utrekna, men utgjer truleg nær opp mot den summen som ved årsskiftet framleis er innestående på kontoen (sjå vedl. 2). På grunn av den solide økonomien dette har skapt, treng ein for første halvår 2017 ikkje senda inn nye søknader om tilskot.

Førebels har ein ikkje funne det naudsynt å melda prosjektet inn i Brønnøysundregisteret, men ein skal vurdera dette fortløpande.

I direkte dugnadsinnsats er det loggført 1111 timar (vedl.3). I tillegg kjem alt kontor- og kontaktarbeid, møter og fleire reiser og besøk. Av hovudoppgåver kan nemnast at motoren er gjennomoverhald og prøvekøyrd med godt resultat. Understell, hjul, bremser, styring, girkasse, kardang, startar, dynamo, olje- og kjølevatnpumpe er rehabilitert. Når det gjeld motorkasse, torpedo, framskjermar, felgar og hovudlykter gjenstår noko arbeid.

Framdrifta ligg framom prosjektplanen. Det som no førestår går fram av vedl 1. Om ikkje heilt, vil bilen langt på veg vera «chassisferdig» før sumarferien 2017. Arbeidet går som før i samråd med Statens Biltilsyn, som òg har vore på besøk.

Parallelt med dette har ein saga og turka eikemateriell, og er no så smått byrja å grovsaga dei profilane i reisverket til karosseriet som ein så langt har oversyn over. Det pågår òg studiar og

skissering av meir detaljerte karosseriteikningar. I styre/arbeidsgruppe har minst to røynsle med slikt arbeid.

I tillegg har ein samla inn tidsrette foto av bilar der karosseriet er bygt på same verkstad som denne. Retningslinene frå desse vil så langt ein formår verta følgde. Under omsyn til det som gjeld sikkerheit , står ein fast ved prinsippet om å utføra vidare arbeid etter god antikvarisk skikk.


Styret, arbeidsgruppa og statuttane er uendra.

Møtet vart avslutta ca. kl 2200

Ostereidet 9/2 2017,



Alf Angeskår  
leiar



Vidar Lehmann  
referent

- Vedlegg: 1.Møteplan  
2.Rekneskap  
3. Oppsummering av dugnadsarbeidet ad Chv.29 for 2016